



# Overordna analyse

Forslag til plan for forvaltingsrevisjon 2016 - 2019

Nissedal kommune

2016 :: 730 008

## Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentlig forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår [www.tekomrev.no](http://www.tekomrev.no).

# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>3</b>
1.1	Plan for forvaltingsrevisjon .....	3
1.2	Kva er forvaltingsrevisjon?.....	3
1.3	Forvaltingsrevisjonar i Nissedal kommune i 2012-2015 .....	4
1.4	Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019.....	4
<b>2</b>	<b>Plan for forvaltingsrevisjon .....</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>Overordna analyse .....</b>	<b>6</b>
3.1	Om risiko og vesentlegheit og metodikk.....	6
3.2	Om Nissedal kommune.....	7
3.3	Lokaldemokrati .....	9
3.4	Styring av verksemda og tryggande kontroll .....	10
3.5	Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet .....	13
3.6	Berekraftig utvikling .....	22

Foto framside: Danny Twang

# 1 Innleiing

## 1.1 Plan for forvaltingsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å utarbeide eit forslag til plan for forvaltingsrevisjon i kommunen.<sup>1</sup> Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta ein plan for forvaltingsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. ***Forslag til plan for forvaltningsrevisjon finn du i kapittel 2.***

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltingsrevisjon. ***Denne analysen finn du i kapittel 3.***

Analyse og forslag til plan er utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og anna kommunal verksemd dersom verksemda er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27 - samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b og § 28 c.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.<sup>2</sup>

## 1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

***systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)***<sup>3</sup>

---

Forvaltingsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltninga av og i kommunen. Forvaltingsrevisjonen si

---

<sup>1</sup> Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

<sup>2</sup> Jf. kontrollutvalsføreskrifta kapittel 6 og eigen plan for selskapskontroll.

<sup>3</sup> Revisjonsforskrifta § 7

rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og reglar og kommunen sine planar og vedtak. Fokus vert også retta mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltingsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- bringe fram styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll

### **1.3 Forvaltingsrevisjonar i Nissedal kommune i 2012-2015**

I Nissedal kommune er følgjande forvaltingsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- Vest Telemark PPT – forprosjekt
- Internkontroll og kvalitetssystem

### **1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019**

Forvaltingsrevisjon er omfatta av avtalen om revisjonstenester mellom Nissedal kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Forslaget til plan har eit omfang på forvaltningsrevisjon som samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltingsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert fakturert særskilt.

## 2 Plan for forvaltingsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltingsrevisjonar for planperioden 2016 – 2019, i prioritert rekkefølge:

<b>Tema/tittel</b>	<b>Vinkling</b>	<b>Nytte</b>	<b>Omfang</b>
Arkiv og dokument-handtering	Kartlegge rutiner for journalføring og dokumenthandtering/ arkiv. Undersøke kompetanse om journalføring og om rutinar blir følgde i einingane.	Bidra til at krava til arkiv og journalføring blir følgde.	200
Sosiale tenester	Organisering av arbeidet, oppfølging og tiltak.	Styringsinformasjon om kapasitet på området. Bidra til å sikre at kommunen har eit tilbod i tråd med krava som er satt.	200

Forvaltningsrevisjon i selskap er omtalt i plan for selskapskontroll.

## 3 Overordna analyse

### 3.1 Om risiko og vesentlegheit og metodikk

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen.

Vesentlegheit i forvaltningsrevisjon handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine brukarar/innbyggjarar.

I vurderinga av risiko og vesentlegheit har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar<sup>4</sup>. Vi fokuserer derfor på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Nissedal kommune har vi gjennomgått kommunen sin økonomiplan, årsrapportar, planstrategi og annan styringsdokumentasjon. Vi har gjort ein analyse av nøkkeltal frå KOSTRA og anna statistisk materiale. Vidare har vi **innhenta informasjon** om kommunen sitt system for internkontroll, og vi har henta inn informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar, tilsynsplanar og statistikk over resultat frå klagesakshandsaming.

Kontrollutvalet frå førre valperiode hadde ikkje innspel til risikoområde og behov for forvaltningsrevisjon.

Vi har gjennomført samtalar med ordførar og rådmann. Ordførar meinte at forvaltningsrevisjon av kvalitet i skolen er aktuelt i perioden. Skole er eit satsingsområde der kommunen til nå ikkje har fått ønska resultat. Eit anna område ordførar trakk fram var ordninga med brannvernsamarbeid i Vest-Telemark.

---

<sup>4</sup> Kommunelova 1 og 23 nr. 2

Brannvernssamarbeidet blei også trukke fram av rådmann. På forespørsel meinte ordførar at forvaltningsrevisjon av arkiv også kan vere aktuelt.

### **Kommunereform og rullering**

Kommunereforma med moglege nye oppgåver og endra inndeling av kommunane vil kunne påverke risikobiletet og dermed plan for forvaltningsrevisjon. Dette er avhengig av kva for retningsval kommunen gjer i spørsmålet om kommunestruktur. Vi har lagt til grunn for vår analyse at eventuelle endringar i kommunestrukturen i Telemark ikkje vil ha verknad før i 2020. Dersom det blir endringar i kommuneinndelinga for Nissedal kommune, kan det vere trong til å rullere plan for forvaltningsrevisjon for andre halvdel av planperioden.

## **3.2 Om Nissedal kommune**

### **Demografi**

Nissedal kommune har hatt ein svak auke i folketalet frå 2012. Kommunen har fleire som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet, men færre enn eigen kommunegruppe. Nissedal har ein større andel av befolkninga i barnehagealder enn eigen kommunegruppe og litt større enn landsgjennomsnittet.

Andel av befolkninga i kommunen med innvandrarbakgrunn tilsvarar andelen i kommunegruppa, men den er 4,5 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet. Kommunen har lågare arbeidsløyse og litt færre som pendlar ut av kommunen enn dei vi samanliknar med.

### **Kommunen sin organisasjon**

Ved utgangen av 2014 hadde kommunen 170 årsverk, som er 2-3 årsverk lågare enn i 2012 og 2013.

Kommunen har delt inn organisasjonen i seks einingar: omsorg, barnehage, skule, kultur, helse og rehabilitering og teknisk drift. Kvar eining har sin einingsleiar. Under rådmannen soknar også fellestenesta, stab, NAV og plankontoret (felles med Kviteseid). Rådmannsgruppa består av rådmann og kommunalsjef på økonomi. I 2015 er heile organisasjonsstrukturen vurdert, både den politiske og administrative. Kommunestyret har bede rådmannen om å legge fram ei sak der det blir vurdert å slå saman einingane kultur, skule og barnehage, og å redusere talet på rektorar.

Nissedal kommune har fleire samarbeidsordningar, både administrativt og knytt til tenesteyting. Når oppgåver blir plassert ute av eigen organisasjon forsvinn noko av



eigarskapen og innsynet på området, både administrativt og politisk. Det kan det i seg sjølv vere ein risiko. Det kan derfor være aktuelt å sjå nærmare på dei ulike samarbeidsordningane. Aktuelle tema er om samarbeida er i tråd med formalkrav som er satt, om kommunen har gode system for å følgje opp samarbeida og sikre at kommunen får dei tenestene dei skal. Vi har likevel ikkje vald å prioritere forvaltningsrevisjon av det å følgje opp samarbeidsordningar generelt. Dersom det er behov for å sjå nærmare på ein spesiell samarbeidsordning, blir dette omtalt seinare i analysa. Det er generelt tilrådeleg at forvaltningsrevisjon av samarbeidsordningar blir gjennomført for alle dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

Nissedal kommune har vertskommunesamarbeid på desse områda:

- Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark, Kviteseid vertskommune
- Legevakt, Arendal vertskommune

Rådmann har i tillegg fått mynde til å inngå vertskommunesamarbeid om Arbeidsgiverkontrollen, der Arendal er vertskommune.<sup>5</sup>

I vertskommunesamarbeid er det kontrollutvalet i vertskommunen som kan vedta forvaltningsrevisjon.

I tillegg har kommunen ein samarbeidsavtale med Kviteseid om:

- Plankontoret, Nissedal kontorkommune
- Landbrukskontoret, Kviteseid kontorkommune
- Lønn, Nissedal kontorkommune
- Skatteregnskapet, Kviteseid kontorkommune

Samarbeidet omfattar utøving av mynde og burde derfor vore formalisert som eit vertskommunesamarbeid. Avtala blei inngått før reglane om vertskommunesamarbeid kom.

Kommunen deltek i nokre interkommunale samarbeid som er heimla i kommunelova § 27. I slike samarbeid blir det etablert eit styre med ansvar for å løyse kommunale oppgåver lagt til samarbeidet. Kommunestyret kan gje styret mynde til å treffe avgjersler som gjeld samarbeidets drift og organisering. Vest-Telemark rådet, Utval mot akutt forureining IUA Telemark, Friluftsrådet Sør, Felles gjeldsrådgiver, Krisesenter i Telemark og 110-Telemark er slike samarbeid.

---

<sup>5</sup> Kommunestyret i Nissedal vedok 29.10.15 å inngå avtale om vertskommunesamarbeid. Rådmannen fekk fullmakt til å inngå avtale.

## Økonomi

Kommunen har ein stram økonomi og har eit akkumulert meirforbruk som skal dekkast inn i 2015 og 2016. Kommunen har ikkje lenger frie fond til å dekke opp eventuelt meirforbruk.

Kommunen har lågare frie inntekter per innbyggjar enn snittet for eiga kommunegruppe, samstundes som netto driftsutgifter på dei fleste områda ligg høgare.

Kostra 2014	Nissedal kommune	Gruppesnitt	Landsgj.snitt*
Frie inntekter per innbyggjar	62 703	68 679	48 610
Nto lånegjeld per innbyggjar	71 056	62 429	58 160
Disposisjonsfond i % av br. driftsutgifter	0,1	6,7	6,4
Akk. rekneskapsmessig meirforbruk i % av br. dr.utg	0,5	1	0,6
Nto dr.utg. til barnehage per innbyggjar 1-5 år	147 872	136 195	128 633
Nto dr.utg til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	164 908	141 915	100 946
Nto dr.utg til kommunehelse per innbyggjar	4 523	4 452	2 319
Nto dr.utg til pleie og omsorg per innbyggjar	29 084	26 072	16 409
Nto dr.utg til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	1 448	1 230	1 906
Nto dr.utg til <i>barnevern</i> per innbyggjar 0-17 år	8 070	8 537	7 978
Nto dr.utg til <i>administrasjon og styring</i> per innbyggjar	9 303	10 045	4 258

SSB: Utvalte nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015

\* Landsgjennomsnitt utan Oslo

## 3.3 Lokaldemokrati

### 3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati.

Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

Kommunen har postliste på nettsida. Politiske møte er opne og kommunen har meiroffentlegheit som prinsipp. Politiske møte blir kunngjort, og protokollar frå politiske møte blir lagt ut på kommunen si nettside. God praksis for journalføring og arkiv er ein føresetnad for å sikre openheit og innsyn, sjå punkt 3.4.3.

### **3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret**

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalte organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen følgjer prinsippet om fullført sakshandsaming og einingsleiarane i kommunen har ansvar for saksførebuing på sine område. Både rådmannen og ordførar gir uttrykk for at kommunen i hovudsak sikrar forsvarleg saksutgreiing og at vedtak blir følgd opp. Ordfører opplyser at kommunestyret sender saker tilbake om dei ikkje har fått den informasjonen dei treng. Rådmannen påpeikar at kommunen er sårbar, og at kapasiteten i sentraladministrasjonen er litt låg.

Kontrollutvalet tok hausten 2015 opp ei sak om kvalitetssikring av saker til politisk handsaming. Dette gjaldt ei sak om nedlegging av grendeskular i 2013 sett opp mot ei sak om plassmangel på Tveit skule i 2015. Kontrollutvalet har bede rådmannen orientere kontrollutvalet første halvår 2016 om tiltak for å sikre sakshandsamingsrutiner og kvalitetssikring av politiske saker. Vi tilrår ikkje forvaltningsrevisjon på området sidan kontrollutvalet allereie følgjer opp dette.

### **3.3.3 Budsjettering og rapportering**

Kommunen vedtar årleg handlingsprogram, årsbudsjett og økonomiplan for 4 år. Dette blir følgt opp gjennom tertialrapportering. Ordførar gir uttrykk for at dei folkevalde får god informasjon gjennom rapporteringa.

## **3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll**

### **3.4.1 Etikk og varsling**

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidslivs praksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for avgjerd eller handling.

KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalte, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. Kommunen skal i årsmeldinga gjere greie for tiltak som er sett i gang og tiltak som er planlagde å verte sette i gang for å sikre tryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda.

Kommunen har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, revidert i 2014. I siste årsmelding er det vist til dette og at retningslinjene blir gjort kjende for nye tilsette. Vidare er det opplyst om at dei ligg tilgjengeleg på intranett, som del av

personalhandboka. Leiarforum vert nytta til å diskutere praktisering av etiske retningslinjer. Det er ikkje vist til andre tiltak i årsmeldinga.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsgivar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet tilrår at kommunane utarbeider skriftlege rutinar for dette. Dei etiske retningslinjene omfattar også rutine for varsling. Kommunen har ikkje røynsle med at det har blitt varsla.

### **3.4.2 Internkontroll**

Kommunelova § 23 nr. 2 har eit generelt krav om at rådmannen skal ha tryggjande kontroll med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie eit generelt krav om at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både sektorovergripande og for dei ulike tenestekområda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Nissedal kommune hadde i 2014 forvaltningsrevisjon av internkontrollen. Nokre tilrådingar er blitt følgde opp, men arbeidet er ikkje avslutta.

### **3.4.3 Arkiv og dokumentasjon**

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar arkiva ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Velfungerande postjournalar og arkivordningar er grunnleggjande føresetnader for å sikre dette.

Riksarkivaren går ut frå at kommunereforma vil få store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og påpeikar kor viktig det er å vere godt førebudd og tidleg ute med planlegginga. Det vil bli utarbeidd ei rettleiing for korleis kommunen kan førebu seg ved ei eventuell kommunesamanslåing. Rettleiinga skal vere ferdig i mai 2016.

Kommunen har nyttar ePhorte (elektronisk dokumenthandtering og arkiv). Kommunen har arkivplan, men har førebels ikkje starta arbeidet med å forberede arkiv for ei eventuell kommunesamanslåing.

I årsmeldinga er det rapportert på arbeidet med arkiv og journalføring. Det er gjennomført opplæring i ePhorte og det er vist til at skulane har starta arbeidet med å ta i bruk ePhorte. Nye kommunikasjonskanalar som e-post, samt at mange innbyggjarar tar direkte kontakt med tilsette i kommunen, gjer at kommunane generelt har

utfordringar knytt til journalføring og arkivering. Dette gjeld også for Nissedal kommune. Vi meiner at det kan vere nyttig for kommunen å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon på dette området.

#### **3.4.4 Informasjonstryggleik**

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie alt som gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid. Kommunen får IT-tenester frå ASPIT.

Alle offentlege verksemder er etter § 15 i eforvaltningsforskrifta pålagde å ha internkontroll på informasjonstryggleik.

Forvaltningsrevisjonen av internkontroll i 2014 omfatta internkontrollsystem knytt til IT-tryggleik og personvern. Tilrådinga som blei gitt på dette området er ikkje følgt opp.

#### **3.4.5 Innkjøp**

Kommunane kjøper inn varer og tenester for betydelege beløp årleg. Regelverket om offentlege kjøp skal bidra til at pengane vert utnytta best mogleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. Sosial dumping skjer både ved brot på reglar for helse, miljø og tryggleik og når løn og andre ytingar er uakseptabelt låge, samanlikna med det norske arbeidstakarar normalt tener. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følgje opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar.

Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom kvalifikasjonskrav og kontraktsklausular ved innkjøp, og oppfølginga av slike krav.

Nye og forenkla reglar om offentlege innkjøp er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direkteinnkjøp.

Nissedal kommune deltek i innkjøpssamarbeid i regi av BTV innkjøp. I perioden 2012 – november 2015 har det ikkje vore saker i KOFA som gjeld Nissedal. Innkjøp er omtalt i økonomireglementet. Kommunen har ikkje ein innkjøpsansvarleg. Det er ikkje tidlegare gjort undersøkingar av korleis kommunen følgjer reglar og retningslinjer om innkjøp. Det kan vere ein generell risiko for at dette ikkje er godt nok følgt opp i kommunen. Kommunen kan både risikere å betale meir enn naudsynt for varer og tenester og bli klaga inn for KOFA.

#### **3.4.6 Offentleg støtte**

Statsstøttereglane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentlig støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunen kan tildele støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentlig støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel utleige av næringseigedom. Slik aktivitet skal skje utan at det ligg offentlig støtte i dei tenestene som vert ytt. Det betyr at aktiviteten skal ha marknadsmessig pris, og vere tydeleg skilt frå anna offentlig verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg krysssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen. Også når kommunen kjøper eller sel eigendom utanom den opne marknaden kan det vere risiko for offentlig støtte gjennom transaksjonen.

### **3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet**

#### **3.5.1 Barnehage**

Nissedal kommune brukar meir på barnehage enn dei kommunane vi samanliknar med. Ein årsak er truleg at kommunen har fleire pedagogar i barnehagane. På nasjonalt nivå er det fokus på kompetanseheving i barnehagane. Med fleire pedagogar i barnehagane er kommunen betre rusta til å til å sikre eit godt pedagogisk innhald i barnehagane, i tråd med den nasjonale satsinga.

Som eigar og maktutøvar har kommunen mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle born med rett til barnehageplass, noko Nissedal har. I tillegg skal kommunen godkjenne barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn. I Nissedal er ansvaret for tilsyn med barnehagane lagt til einingsleiar for skule. I 2013 var det tilsyn frå fylkesmannen på korleis kommunen

ivaretar oppgåvene kommunen har som barnehagemynde, der kommunen fekk avvik. Avvika er lukka.

Innafor barnehageområdet har kommunen hatt høgt sjukefråvær. Dette kan medføre at ein ikkje får den pedagogtettleiken som er ønska.

### **3.5.2 Skole**

Kommunen skal ha eit system som gjer det mogleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. opplæringsloven § 13-10. Nissedal kommune har i 2014 kjøpt inn eit system til hjelp for å følgje opp kravet i opplæringslova. Det kan vere utfordrande å sikre at systemet blir brukt og følgt opp.

Kommunen skal utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa, jf. opplæringslova § 3-10. Rapporten skal drøftast av kommunestyret. Det er ikkje lagt fram slik rapport for kommunestyret i 2015 eller 2014, og kommunen har dermed ikkje oppfylt dette lovkravet.

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3. Skole har vore eit satsingsområde i kommunen med tett politisk oppfølging. Det er gjennomført fleire konkret tiltak i arbeid med kvalitetsutvikling og det å sikre tilpassa opplæring, mellom anna eit felles prosjekt i Vest-Telemark «Betre læring for alle elevar».

Over tid har Nissedal hatt lågare læringsresultat enn landsgjennomsnittet og eksamensresultata har vore dårlegare enn standpunktarakteren skulle tilseie. Dette kan tyde på at vurderingspraksis i kommunen ikkje har vore god nok. Kommunestyret vedtok i 2014 mål om å få resultat på nivå med landsgjennomsnittet og at eksamensresultat og standpunktarakter skal harmonere betre.

I 2010 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon på kvalitet i skule.

Kommunen skal sikre at elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø på skolen, jf. opplæringslova § 9a-1. Dei siste undersøkingane syner at det på barnetrinnet var færre i Nissedal som rapporterte om mobbing, men ein litt høgare andel på ungdomstrinnet enn landsgjennomsnittet. Andelen på ungdomstrinnet er redusert. Opplæringslova stiller klare krav om handleplikt og prosedyre i slike saker. Frå mars 2015 er opplæringslova endra, slik at elevar som mobbar andre kan flyttast til ein annen skule. Dette er ein potensielt inngripande regel for enkeltelevar, og føreset gode sakshandsamingsrutinar for å minimere risikoen for utgreiings- og vedtaksfeil.

I Nissedal er det litt færre lærarar som har høgare utdanning med pedagogikk, enn dei vi samanliknar med. Kompetanseheving i barne- og ungdomsskulen eit nasjonalt satsingsområde, og det er satt krav om fagkompetanse i engelsk, norsk og matematikk. Kommunane bør ha ein plan for sikre naudsynt vidareutdanning for lærarane. Nissedal har som mål å utarbeide ein kompetanseplan for dei tilsette på skule, men dette er førebels ikkje gjort.

Skole er eit område der forvaltningsrevisjon kunne vore aktuelt, både for å sjå på korleis revisjonen som er gjort i 2010 er følgd opp, korleis vedtak i kommunestyret er følgd opp og korleis kommunen sikrar rett sakshandsaming i saker som gjeld elevanes psykososiale miljø. Vi har likevel ikkje prioritert å tilrå forvaltningsrevisjon. Høgt politisk fokus og dei ulike tiltaka som er iverksett kan redusere risikoen på området.

### **SFO**

Kommunen skal tilby SFO til alle som ynskjer det. Ordningane skal ha vedtekter om eigarforhold, opptakskriterium, opphaldstid, bemanning og foreldrebetaling, jf. opplæringslova § 13-7. Vidare skal elevar i SFO sikrast eit godt fysisk og psykososialt miljø, jf. opplæringslova § 9a-1. Utover dette, har kommunen få konkrete plikter knytt til SFO. Tal frå KOSTRA syner at Nissedal brukar meir på SFO enn dei vi samanliknar med. Kommunen har utarbeida vedtekter.

### **3.5.3 NAV**

På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. SSB melder at 2014 hadde det høgste talet på mottakarar av sosialhjelp på 10 år. Nissedal kommune har også hatt ein auke i talet på mottakarar av sosialhjelp og utbetalingar dei siste åra. Kommunen har no høgre utgifter enn eigen kommunegruppe, men er framleis lågare enn landsgjennomsnittet. Høge utbetalingar av sosialhjelp kan vere ein indikasjon på at kommunen sitt forebyggande arbeid ikkje er godt nok.

I 2014 har mottakarar av sosialhjelp fått stønad i lengre tid enn dei føregåande åra. Sønadslengden har auka mest blant dei unge, men talet på unge mottakarar (18 – 24 år) har vorte redusert frå 2013 til 2014. Tal i KOSTRA syner at kommunen har færre årsverk i sosialtenesta enn dei kommunane vi samanliknar med. Nissedal nyttar meir på rettleiing enn landsgjennomsnittet, men mindre enn eigen kommunegruppe. Ein mindre del av utgiftene blir nytta til rettleiing no enn tidlegare, og meir av utgiftene blir nytta til utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Denne utviklinga bør ein vere merksame på. Det kan det vere risiko for at kommunen ikkje får følgt opp mottakarar



av sosialhjelp godt nok. Vi har derfor prioritert å tilrå forvaltningsrevisjon på dette området.

### **Introduksjonsordninga**

Nissedal har vedteke å busette 30 flyktningar for perioden 2015 – 2017. Kommunen har busett flyktningar tidlegare, men ikkje dei seinaste åra og har derfor måtte etablere tilbod om introduksjonprogram i 2015. Introduksjonsprogrammet skal bidra til at deltakarane vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i lova vert følgde. Dette er eit område med fokus på nasjonalt nivå, og regjeringa har føreslått endringar i introduksjonsloven for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L (2014–2015).

Det er tilsett to flyktningkonsulentar som til saman utgjer ei full stilling i kommunen og kommunestyret vedtok våren 2015 ein plan for busetting av flyktningar. I Telemark syner resultatane av programmet at det er ein risiko for at tiltaka i fleire kommunar ikkje er gode nok for å nå måla for programmet. I Nissedal er det enno ikkje deltakarar som har avslutta program, så kommunen har ikkje resultat å vise til på området. Det at ordninga er så ny i kommunen, kan i seg sjølv vere ein risiko. Vi har imidlertid ikkje vald å tilrå forvaltningsrevisjon på området.

### **Bustadsosialt arbeid**

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Nissedal har like mange kommunalt disponerte bustader per innbygger i 2014 som landsgjennomsnittet, men litt færre enn eigen kommunegruppe.

I nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020 er det fastlagt felles nasjonale mål og prioriterte innsatsområde, og kommunane har ei nøkkelrolle i å realisere måla. Kommunane sin bruk av dei statlege verkemidla er ein viktig del av arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tal frå KOSTRA syner at Nissedal nyttar støtte frå Husbanken i same grad som snittet for eigen kommunegruppe, men i noko mindre grad enn landsgjennomsnittet. Startlån blir nytta i noko mindre grad i Nissedal enn dei vi samanliknar med.

#### **3.5.4 Helse og habilitering**

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette gjeld alle pasient- og brukargrupper,

medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

### **Helsestasjon og skolehelseteneste**

Kommunen skal tilby helsestasjons- og skolehelsetjeneste til barn og ungdom 0–20 år. Tilbodet skal fremme psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og førebyggje sjukdom og skade, jf. helsestasjonsforskrifta §§ 1-1 og 2-1. Tal frå Ungdata<sup>6</sup> syner at ungdomsskoleelevane i Nissedal nyttar skolehelsetenesta i mindre grad enn til dømes elevane i Kviteseid. I undersøkinga har ein sett spesielt på bruken av skolehelsetenesta blant dei som kan ha størst behov. Blant desse elevane er det dei i Nissedal som i minst grad nyttar skolehelsetenesta i fylket. Berre 22 % i Nissedal, medan talet for Fyresdal er på 72 %.

I følgje Barneombodet opplever mange at det er for få helsesøstre og at dei har for lite tid på skolen. Undersøkingar viser at helsesøstre korkje har tid til å gjere dei lovpålagde oppgåvene eller til oppsøkande arbeid og informasjonsarbeid. Grunna endring i rapportering av årsverk i Nissedal kommune har vi ikkje gode tal for å samanlikne bemanning for helsestasjon og skolehelseteneste i 2014.

Kommunen har starta eit arbeid for å identifisere og sikre oppfølging av barn med psykisk sjuke forelde eller foreldre som misbruker rusmiddel. Dette er ein del av kommunens satsing på tidleg innsats. Kommunen har også gjort organisatoriske endringar for å betre arbeidet med tidlig innsats, ved at ansvar for oppfølging av barnevernstenesta er no lagt til eining for helse og habilitering. Sjølv om tala frå Ungdata gir grunn for merksemd, har vi ikkje prioritert ein forvaltningsrevisjon på førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Årsaka er at kommunen sjølv har igansatt tiltak på området.

### **Psykisk helse**

Tal frå folkehelseinstituttet viser at psykiske lidningar er mindre utbredt i Nissedal enn i landet sett under eitt. Kommunen har betre dekning av personell med vidareutdanning innen psykisk helse enn dei vi samanliknar med.

---

<sup>6</sup> Ungdata er ein spørjeundersøking til elevar på ungdomsskole og vidaregåande skole utarbeidet av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, dei regionale kompetansesentera på rusfeltet og KS, som kommunane kan gjennomføre gratis med bistand frå det lokale kompetansesenteret på rusfeltet.

Regjeringa har varsla at den vil foreslå eit lovkrav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er foreslått tilskot per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016 og til lovplikta trer i kraft.

### **Rusomsorg**

Innanfor rusomsorga er det behov både for forebyggjande arbeid og tiltak knytt til behandling. Dette er eit område med behov for koordinering internt i kommunen og mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Det kan vere risiko for manglande koordinering og at kommunen ikkje får gitt naudsynte tenester.

I rapportering til kommunestyret i Nissedal er det meldt om fleire brukarar innan rus og psykiatri. Auken gir grunn til merksemd på området. Frå statleg hald er det gitt tydelege føringar for behov for ei opptrapping av tenestetilbodet og meir heilskaplege og koordinerte tenester (jf. opptrappingsplan for 2007 – 2012, Stortingsmelding 30 (2011-2012) og opptrappingsplan for rusfeltet (2016-2020), prop. 15 S).

### **Barnevern**

Nissedal kommune får barnevernteneste frå eit vertskommunesamarbeid der Kviteseid kommune er vertskommune. Den interkommunale ordninga kan bidra til betre kompetanse og kapasitet i tenesta. Tal i KOSTRA syner at alle stillingane i barnevernet har fagutdanning.

Dei seinare åra har det nasjonalt sett vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar til barnevernstenesta, og ein auke i talet på born og unge som tek imot tiltak – særleg tiltak utanfor heimen. Utgiftene til barnevern i Nissedal er omtrent som landsgjennomsnittet og noko lågare enn snittet for eigen kommunegruppe.

Tal i KOSTRA syner at talet på meldingar i Nissedal ligg lågare enn landsgjennomsnittet, men samstundes er det fleire born med tiltak i kommunen. Eit lågt tal på meldingar kan vere eit teikn på at verksemder i kommunen ikkje følgjer opp den meldeplikta dei har. I ein liten kommune som Nissedal vil slik statistikk vere usikker, men på dette området er det ein generell risiko for at kommunen ikkje får fanga opp born med trong for hjelp. At kommunen har fleire born med tiltak kan vere eit teikn på at kommunen likevel får fanga opp dei som treng hjelp.

Det er ofte fleire og samansette årsaker til at utsette born og unge kjem i kontakt med barnevernet. Borna og familiare deira får ofte bistand frå fleire etatar. Det er derfor viktig med eit godt fungerande tverrfagleg samarbeid i kommunen. Når barneverntenesta ligg utanfor kommunen, kan vere ein risiko for at ansvar og

oppgåver ikkje er tydeleg forankra og fordelt mellom vertskommunen og kommunen og mellom dei ulike kommunale tenestene.

Ansvar for Nissedal kommune si oppfølging av barneverntenesta er frå 2016 flytta frå sentraladministrasjonen til eining for helse og habilitering. I budsjett og økonomiplan 2016 – 2019 er det lagt opp til at eininga skal etablere nye system for å betre den førebyggjande innsatsen i kommunen. Denne endringa kan redusere risiko for at ansvar og oppgåver ikkje er tydeleg forankra og fordelt i kommunen og bidra til auka tverrfagleg samarbeid.

### **3.5.5 Omsorg**

#### **Samhandlingsreforma**

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast. Arbeid med folkehelse er ein sentral del av samhandlingsreforma, og dette er eit område Nissedal har satsa på.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Nissedal kommune har i 2015 hatt press på eigne institusjonsplassar, men meldte at dei tok imot all utskrivingsklare pasientar i 1. tertial 2015. Betalingsplikta gjeld førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017. Det vil vere ein generell risiko knytt til om kommunane har eit tenestilbod som vil gjere dei i stand til å ta imot desse pasientane.

Kommunane er pålagde å opprette tilbod for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augnebliskeleg hjelp (ø-hjelpsplassar). Kommunen må ha dette tilbodet på plass innan 2016.<sup>7</sup> Nissedal har ein avtale med Arendal kommune om kjøp av slike plassar, men ynskjer å ha eit tilbod meir lokalt. I 2014 starta eit prosjekt for å kunne tilby ein slik plass i eigen kommune. Kommunen vurderer også eit samarbeid med Kviteseid om ø-hjelpsplass.

#### **Omsorgstilbod i og utanfor institusjon**

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose. Omfanget av pleie- og

---

<sup>7</sup> Helse- og omsorgstenestelova § 3-5

omsorgstenestene har auka på landsbasis dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, og at det har vore auke i talet på yngre mottakarar (under 67 år). I Nissedal har talet på mottakarar av omsorgstenester auka frå 2012, og ein større del av befolkninga i kommunen får omsorgstenester.

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbod om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn. Som ein del av ordninga med praktisk hjelp, skal alle kommunar ha tilbod om brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Frå 01.01.15 har alle brukarar med trong for omfattande hjelp rett til å få BPA. I budsjett for 2016 har kommunen tatt høgde for auka utgifter.

Tal i KOSTRA syner at Nissedal har dårlegare dekning på døgnbemanna omsorg enn dei vi samanliknar med. Dette skuldast at kommunen ikkje har omsorgsbustader som er døgnbemanna. Kommunen har betre dekning på institusjonsplassar for demente, plassar til rehabilitering og korttidsopphald.

### **3.5.6 Tekniske tenester - sjølvkostområda**

#### **Sjølvkost**

Vassforsyning, avløp, renovasjon, branntilsyn/feiing og byggesaksbehandling vert finansiert gjennom gebyr frå innbyggjarane. Tal i KOSTRA for 2014 syner at Nissedal har lågare gebyr på byggesak og renovasjon, men høgare på vassforsyning, avløp og branntilsyn og feiing enn dei vi samanliknar med. Nissedal har i samarbeid med Drangedal kommune gjennomført ein storstilt utbygging av vann og avløp i Gautefallområdet.

Frå 1.1.2015 kom nye retningslinjer for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntektene frå innbyggjarane, skal reknast ut. Nissedal kommune gjer berekningane av sjølvkost manuelt, og har ikkje noko program/system til hjelp i arbeidet. Eit sjølvkostprogram vil gjere kommunen mindre avhengig av enkeltpersonar med god kompetanse på området, og vil vere eit risikoreduserande tiltak.

Kommunen auka gebyret på branntilsyn og feiing i kommunestyresak 25/14 med 30% for å nærme seg sjølvkost på området. Gebyret blei ikkje auka i 2015. Tal i KOSTRA syner at kommunen har høgare gebyr enn dei vi samanliknar med, men og at det er ført meir tilsyn og utført meir feiing. Vest-Telemark brannvesen IKS har ansvar for feietenestene og det brannforebyggande arbeidet i kommunane i Vest-Telemark. Rådmannen har påpeika at ordninga med Vest-Telemark brannvesen er kostbar og at

det er ein årsak til at han ønskjer ei vurdering av ordninga.<sup>8</sup> Ein forvaltningsrevisjon av sølvkost på feietenester og branntilsyn, eller anna forvaltningsrevisjon av selskapets verksemd, må gjerast som selskapskontroll.

Avfallsforskrifta er endra frå 01.01.15 og har som formål å hindre ulovleg kryssubsidiering mellom kommunen si lovpålagde handtering av hushaldsavfall og avfallstenester som kommunen sel i marknaden. Forskrifta set krav til at kommunen skal ha separat rekneskap for lovpålagt handtering av hushaldsavfall. I Nissedal er det det interkommunale selskapet IATA som har ansvar for avfallshandtering og som fakturerer. Ein forvaltningsrevisjon av sølvkost på avfallstenester må gjerast som selskapskontroll.

### **Plan- og byggesakshandsaming**

Plan- og bygningslova (pbl.) pålegg kommunane å ha planar for bruk og vern av tilnærma alle kommunale areal og ressursar. Vidare skal kommunane fatte vedtak om nesten all byggeaktivitet innanfor kommunegrensene, sjølv om det er gjennomført forenklingar i byggesakshandsaminga frå 1. juli 2015. Sett frå innbyggjarane sin ståstad er dette ei inngripande lov. Det er derfor viktig at innbyggjarane har tillit til at kommunen handhevar lova på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Eit føremålsteneleg og oppdatert planverk bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling.

I 2014 var det lang sakshandsamingstid på byggesakshandsaming i Nissedal, og kommunen braut sakshandsamingsfrista i 55 % av sakene. Ved rapportering 1. tertial 2015 melde plankontoret at dei var ajour med byggesakshandsaminga.

Nissedal kommune har i både 2013 og 2014 gitt dispensasjon til alle som har søkt om bygging i landbruks-, natur- og friluftsområder (LNFR), også der det er byggeforbod nær ferskvann. Dispensasjon frå planar skal i følge plan- og bygningslova vere ei unntaksløysing. Mange dispensasjonar kan vere et teikn på at planane i kommunen ikkje er i samsvar med den forvaltninga ein ynskjer. Rådmannen påpeikar at det politisk nesten alltid er stemning for å gi dispensasjon for eit byggetiltak. Planane kan ikkje klare å fange opp kor det i framtida er aktuelt med utbygging i LNFR, derfor må det løysast med dispensasjonar.

---

<sup>8</sup> I tillegg trakk rådmann fram at dei ikkje har eit godt nok samarbeid med Vest-Telemark brannvesen.

### 3.5.7 Kultur

#### Bibliotek

Kommunane har ansvar for folkebibliotek og skulebibliotek. Folkebiblioteka skal fremme opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Alle kommunar skal ha ein fagutdanna biblioteksjef, noko rådmannen opplyser at Nissedal har. Innhaldet og tenestene som biblioteka gir, skal gjerast kjent. Det er informasjon om bibliotekstenestene på kommunens nettside. Der kan ein også søke etter biblioteket sine bøker og andre dokument, samt låne e-bøker.

#### Kulturskole

Alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbud til born og unge, anten åleine eller i samarbeid med andre kommunar. Kulturskolane er både eigde og drifta av kommunen, og det er kommunane sjølv som bestemmer innhald og omfang av tilbodet i skolane sine. I Nissedal kommune går om lag 1/3 av elevane i kulturskolen. Det tilsvarar talet for eigen kommunegruppe og ligg langt over landsgjennomsnittet.

## 3.6 Berekraftig utvikling

### 3.6.1 Planlegging i kommunen

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggst vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast.

Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. I Nissedal blei planstrategien vedteke i sak 1/13. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Samfunsdelen blei vedteke i sak 36/14 og arealdelen i sak 30/14.

### 3.6.2 Næringsutvikling

Ei av oppgåvene til kommunen som planstyresmakt er å vurdere og ta omsyn til næringsutvikling og næringsutbygging i kommunen. Nissedal kommune har ein strategisk næringsplan for 2013 – 2020. Planen blir følgd opp med tiltak i handlingsprogrammet.

### **3.6.3 Eigedomsskatt**

Nissedal kommune innførte eigedomsskatt i 2015. Rådmann opplyser at kommunen fekk færre klager på eigedomsskatten enn forventa.

### **3.6.4 Eigdomsforvaltning og vern av verdier**

#### **Eigdomsforvaltninga**

Kommunale eigendomar har betydeleg verdi. Samla kostnader for innkjøp, forvaltning, drift og vedlikehald utgjer om lag 15-20 prosent av økonomien til ein kommune. Ei kartlegging frå 2008 viste at om lag 1/3 av kommunale bygg var i god stand, 1/3 i delvis utilfredsstillande stand og 1/3 i dårleg stand.

God eigdomsforvaltning i kommunen handlar om å gi brukarane gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Dette vil seie å skape best moglege rammevilkår for brukarane si verksemd over tid. Kommunen har rolla både som eigar, forvaltar og brukar av eigedom. Desse rollene er ulike og kan til tider ha motstridande interesser, og det er viktig at funksjonane er organisert på ein føremålstenleg måte.

Førande tilrådingar for god eigdomsforvaltning tilseier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader med tanke på å ivareta gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på eigedomane. I samband med årsmeldinga utarbeider teknisk eining i Nissedal kommune ein tilstandsrapport for bygg/eigedomar/anlegg som kommunen eig. I siste årsmelding melder teknisk eining at det på ein del bygg er gjort minimalt vedlikehald grunna ein vanskeleg budsjettsituasjon. Det gir ein risiko for at kommunen ikkje får sikra verdibevarande vedlikehald. Dette vil på sikt gi kommunen auka utgifter til meir omfattande vedlikehald eller trong for nybygging.

### **3.6.5 Samfunnstryggleik og beredskap**

Plan- og bygningslova set krav til samfunnstryggleik i planlegginga i kommunar og fylke. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen basert på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap gjennomfører årlege kommuneundersøkingar. Nissedal kommune har hatt tilsyn frå fylkesmannen på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i 2014. Kommunen fekk fire avvik og to merknader knytt til arbeidet med risiko og sårbarheitsanalyse og den overordna beredskapsplanen. Rådmann opplyser at kommunen snart vil utarbeide ein overodna beredskapsplan i tråd med dei krava som er sett og at dei då vil få lukka avvika.



### **3.6.6 Miljøforvaltning**

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Kommunen si mynde og samfunnsoppgåver på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging. Det er plankontoret og landbrukskontoret som har ansvar på desse områda. Landbrukskontoret er lagt til Kviteseid. Rådmannen meiner at dei har eit godt system for rapportering og at samarbeidet med Kviteseid fungerer bra.